

"Skal,skal ikkje " Molde 3. mars 2020

3/03 2020 10:00 - 16:00

Molde Fjordstuer

Publisert: 16.01.20 Oppdatert: 25.02.20



Kurset gir innsikt i kva som skal til for å starte bedrift, både personleg og formelt. Kurset vektlegg korleis du heilt frå starten kan snakke med kundar for å lære kva dei syns om ideen din, og korleis du kan vidareutvikle ideen din for å avklare om du skal starte bedrift.

Kva lærer du?

Kurset gir innsikt i kva som krevjast for å starte bedrift, både personleg og formelt. Korleis skal du gå fram og kven kan hjelpe deg i etableringsprosessen?

Basert på moderne entreprenørskap og "lean" tankegang, får du arbeide med å utvikle forretningsideane dine, og du lærer korleis du enklast mogleg kan teste desse ut på potensielle kundar.

Du får enkle verkty for å utvikle eigen forretningsidé, og for korleis du kan gå fram for å med finne ut kven som skal bli dine første kundar og korleis du skal marknadsføre, selje og ta betalt (forretningsmodell). Du får også innspel til korleis du kan lage ein "lean forretningsplan".

Målet er at du skal få tilstrekkeleg informasjon til å sjå kva som er mogleg og kva som ikkje er det, slik at du skal bli betre stand til å finne ut om du skal etablere eiga bedrift.

Kva metode brukar vi?

Kursert er basert på ein lean forretningsutviklingsmetode kalla "Lean Business". Den bygger på at du tar utgangspunkt i eigne ressursar, utviklar forretningsidé og forretningsmodell i samspel med moglege kundar, og at du deretter set deg mål og definerer aktivitetar for gjennomføringa. På denne måten kan du skaffe deg ei økonomisk oversikt som hjelper deg med avklaring, og til styring av prosjektet ditt.

Deltakarane får boka Lean Business Planning og tilgang til eit online verktøy.

Fagleg ansvar: Entreprenurdy

Kursavgift: kr. 500,-

Forkunnskap: Ingen spesielle forkunnskapar.

Påmeldingsfrist: seinast 1 veke før kursstart.

Kontakt: Jan Ove Moen

tlf: 932 24 794

email: janove@protomore.no